

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2025/4	03.02.2025	Samfunnsutvalet
2025/7	05.02.2025	Formannskapet

Reguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak - planforslag

Vedlegg

- 1 Planomtale_RP_Kyrkjeflaten_20241230
- 2 Plankart_RP_Kyrkjeflaten_20241128
- 3 Planføresegner_RP_Kyrkjeflaten_20241224
- 4 ROS_RP_Kyrkjeflaten_20241128
- 5 Masseberkning_RP_Kyrkjeflaten_20241125

Innstilling frå kommunedirektøren

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, planid. 34340008, ut til offentlig ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og eventuelt motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Saksprotokoll i Samfunnsutvalet 03.02.2025:**Behandling**

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, planid. 34340008, ut til offentlig

ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og eventuelt motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Saksprotokoll i Formannskapet 05.02.2025:

Behandling

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå samfunnsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Lom kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jamfør § 12-14 første ledd, å legge forslag til detaljreguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, planid. 34340008, ut til offentlig ettersyn og høyring. Frist for å komme med uttale og eventuelt motsegn til planforslaget blir sett til seks veker frå utsending og kunngjering med annonse i avisa.

Saksutgreiing

Plankontoret har utarbeidd forslag til reguleringsplan for "Kyrkjeflaten massetak" – planid. 34340008, som vert lagt fram for vedtak om utlegging til offentlig ettersyn og høyring. Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift av masseuttaket i tilknytning til vedlikehald av veganlegga Hesthagen-Smørli og Veodalsvegen. Planarbeidet blir utført som detaljregulering, jf. § 12-3 i plan- og bygningslova.

I samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealdel 15.12.2022, vart massetaket ved Kyrkjeflaten M6 vidareført som ein del av kommuneplanen. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M6, og det er nedfelt i planføresegnene at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal ligge føre forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen. I planvedtaket til kommunestyret er det teke inn at kommunen skal stå for arbeidet med å utarbeide detaljreguleringsplan.

Forslaget til detaljreguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak omfattar:

- Planomtale
- Reguleringsplankart
- Forslag til planføresegner
- ROS-analyse
- Masseberekning

Desse dokumenta er vedlegg til saka.


I arbeidet med kommuneplanens arealdel frå 2022, vart det utarbeidd konsekvensutgreiing for område M6. Denne danna grunnlag for vidareføring av område for massetaket i den nye kommuneplanen. Planforslaget som blir fremma, er vurdert å vere i samsvar med kommuneplanens arealdel vedteken 15.12.2022. I arbeidet med reguleringsplanen er det gjort ei vurdering av om det ville vere naudsynt med ytterlegare konsekvensutgreiingar på detaljplannivå i forhold til "Forskrift om konsekvensutredningar". Plankontoret har vurdert at det ikkje er påkravd med ytterlegare konsekvensutgreiing. Denne vurderinga bygger på uttaket sin storleik, berekna uttaksmengder og pårekna verknadar for miljø- og samfunn - ein viser til kapitel 9.1 i planomtalen. Ein har konkludert med at det her vil vere tilstrekkeleg at verknadane av reguleringsplanforslaget vert vurdert nærare i planomtalen og i ROS-analysen som følgjer planforslaget.

Planområdet omfattar areal i Vårdalen statsallmenning sør, GID 157/1, og ligg tett ved skoggrensa i høgde mellom 900 og 950 m.o.h. Området er om lag 80,5 dekar stort, og omfattar areal kring det eksisterande massetaket og delar av Veodalsvegen med tilkomstveg frå denne. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekke. Masseuttaket på Kyrkjeflaten har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert.

Grusen frå uttaket skal som nemnt nyttast til vedlikehald av veganlegga Hesthagen-Smørli og Veodalsvegen. Veganlegget Hesthagen-Smørli går frå Garmo til Smørlistreene og omfattar ei strekning på om lag 4 mil. Vegen går på privat grunn frå Garmo til Bjønnskaret, og frå der på grunn i Vårdalen statsallmenning. Veodalsvegen går frå Nåvårsetrin til Glitterheim Turisthytte, og er om lag 2,5 mil lang. Vegen ligg på allmenningsgrunn i både Lom og Vågå kommunar.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å få avsett område for råstoffutvinning for vidare drift og noko utviding av område for massetak. I reguleringsplanforslaget er det nedfelt reglar knytt til drift, utforming og avslutning av uttaket. Av omsyn til landskapsverdiar og naturverdiar/biologisk mangfald i området, har det også vore viktig å tilpasse planen og planføresegnene i forhold til desse.

Kartfiguren under viser forslaget til detaljregulering av området.



Figur 1: Forslag til reguleringsplankart for Kyrkjeflaten massetak.

Forslag til planløsning og reguleringsformål, går fram av plankartet og tabellen under. For full kartinformasjon viser ein til reguleringsplankartet i A2-format som er vedlegg til saka.

Planområdet omfattar om lag 80,5 dekar og omfattar følgjande reguleringsformål:

RPAREALFORMÅL	FELTNAVN	AREAL M ²	PROSENT
1200: Råstoffutvinning	R1 – R4	6 658	8,27
2011: Kjøreveg	SKV1 - SKV2	2 611	3,24
2019: Annan veggrunn - grøntareal	AVG1 - AVG5	1 317	1,64
5100: LNRF areal	LNFR1 - LNFR2	65 414	81,24
5900: LNFR kombinert med massedeponi	KLM1	4 515	5,61
Sum		80 515	100,00

Det er lagt inn ei omsynssona for landskap som er lagt som ei sone innfor område som er regulert for LNFR. Sona strekk seg noko ut frå område for råstoffutvinning og vegane ut til avgrensinga av planområdet, og omfattar eit areal på om lag 56 dekar (om lag 69 % av arealet i planområdet). Innfor omsynssona skal det ikkje skje terrenginngrep, og jord- og vegetasjonsdekke skal bli ivareteke. Omsynssona er mellom anna regulert inn på bakgrunn av at arealet ligg innfor KULA-område, dvs. landskap som riksantikvaren har vedteken skal vere sikra som "Kulturlandskap og landskap av nasjonal interesse", og at Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) har registrert Nåvårseterhaugane som «Geologisk arv». Grunnlaget for dei geologiske verneverdiane er at området

har spesielt interessant avsmeltingshistorie ved avslutting av siste istid, som viser seg i området i form av eskerar, markerte terrassekantar, vifter og spylerenner.

Plankontoret har gjort ei enkel masseberekning av områda som er avlagt som område for råstoffutvinning. Samla massar for uttak går fram av masseberekninga og tabellen under:

Område	Areal m ²	Uforedla masse m ³	Foredla til veggrus m ³	Type masse
R1	3 825	8 853	6 197	Sprengstein som er lagra etter kraftutbygginga
R2	605	2 655	2 257	Naturleg førekomst av grus i breelv-avsetting
R3	1 229	5 609	4 768	Naturleg førekomst av grus i breelv-avsetting
R4	999	7 672	6 521	Naturleg førekomst av grus i breelv-avsetting
<i>Sum</i>	<i>6 658</i>	<i>24 789</i>	<i>19 743</i>	

Normalt vedlikehaldsbehov på veganlegget er av vegselskapet stipulert til 500 m³ veggrus årleg. Ut frå dette vil grusressursane som er føreslege regulert i planen, dekke behovet for veggrus i underkant av 40 år framover.

Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) peikar i si uttale på at ein mineralressurs er ein ikkje-fornybar naturressurs som berre kan takast ut der den finst naturleg, og at det er viktig at ressursane blir utnytta så optimalt som mogleg, det vil si både i volum og kvalitet. I uttaksområdet på Kyrkjeflaten, som ligg like ved skoggrensa nær ope fjellandskap, er det andre omsyn enn optimal utnytting av råstoffkjelda som må vektleggast tungt. Omsyn til landskap (ligg i KULA-område), naturmiljø, geologisk arv mm., gjer at ein her berre kan legge opp til ein forsiktig utnytting av ressursen for å dekkje lokale behov for grus til stell og vedlikehald av fjellvegane i området.

Planforslaget legg opp til reglar om rekkjefølgje for uttak i området slik: R1, R2, R3 og til slutt R4. Planforslaget legg også opp til nærare reglar som fastsett og avgrensar uttaksverksemda i forhold til type aktivitet og i forhold til tid. I forslaget til reguleringsføresegner er det nedfelt at all knusing og sortering av massar skal skje i område R1. Område R1 ligg lågare i terrenget og vil ha betre mogelegheit for skjerming mot støy og svevestøv frå verksemda mot nord og aust. Avstanden til den nærliggande hytta og til seterområdet vil også bli noko større i R1 enn frå R2, R3 og R4. I område R1 vil det også vere betre mogelegheit for å legge opp behandla massar i haugar mellom knuse-/sorteringsverket og hytta og seterbyggnaden for skjerming. Mot sør vil det permanente massedeponiet (KLM1) skjerme både mot støy og innsyn.

Grusuttak er i utgangspunktet eit tiltak som ikkje er gunstig av omsyn til landskap og naturverdiar. Jord, humuslag og vegetasjonsdekke, vert fjerna for at mineralressursane under skal kunne bli utnytta. Uttaka vil i alle fall i driftsfasen, stå fram som eit sår i landskapet.

KLM1 er området for det permanente masselageret etter utbygginga av Smådøla for kraftproduksjon. Samstundes som det dekka eit behov utbyggar Eidefoss AS hadde for å få ein plass å lagre massar som var sprengt ut av tunellane, skulle deponiet bli etablert slik at det "reparerte" gamle sår i landskapet etter mange års massetak. Massane frå tunellsprenginga er her fylt opp til nokonlunde

same høgdenivå som vegen/parkeringa inn frå Veodalsvegen. Toppen av fyllinga i KLM1 strekk seg frå høgde frå 942 moh. i vest til 938 moh. i aust.

I område R1 er det lagra massar i den nordre del av det gamle grustaket. Massane er lagra opp til høgde om lag 934,5 moh på den øvre flata her. Massane som er lagra er grov sprengstein som er dekkja over med eit tynt lag med finare grusmasse på toppen med omsyn til tryggleik for ferdsel. Massane er lagt opp for å kunne takast ut for å bli vidareforedla til grus for å nyttast for vedlikehald av veganlegget. For område R1 seier reguleringsføresegnene at det kan takast grus ned til nivå med den nedste flata i området som er har etablert seg etter tidlegare uttak, dvs. ned til om lag 930,5 moh.

Områda R2 og R3 er forslag om nye uttaksområde, der eksisterande terrengoverflate skråar frå sørvest (R3) til nordaust frå om lag 940 moh (topp R3) til 932 moh. (botn av R2). For R2 seier reguleringsføresegnene at det kan takast grus ned til 932 moh, medan det i R3 er føreslege at det kan takast grus ned til 934 moh. Planen legg opp til at uttaka i områda R2 og R3 avsluttast med skråningar mot kringliggande areal med stigingsforhold 1:2 for tilpassing til terrenget ikring.

Område R4 står er ein rygg som står att der det opphavlege grustaket grensar mot naturleg terreng i aust. Det vil vere naturleg å ta ut massar her ved tilpassing av terrenget til området nedfor ved avslutninga av grustaka på Kyrkjeflaten. I R4 er det føreslege at det skal kunne takast ut masser ned til høgde 930,5 m.o.h. Denne høgda svarar til høgda på nedre uttaksflate i område R1 – og vil gjere at desse to områda vil stå fram som samanhengande. Det er ein føresetnad at det blir sett att ein rygg på 2 m høgde ved avslutninga av uttaka i område R4 mot eksisterande terreng i aust, og at uttaket avsluttast med skråningar mot kringliggande areal med stigingsforhold 1:1,5 – tilpassa terrenget nedafor.

Etter regelverket i Minerallova vil tiltaket med utviding av massetaka til dei nye områda utløyse krav om driftskonsesjon frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) etter lovas § 43. I lova er ordlyden at krav om driftskonsesjon slår inn ved samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ urørt (in situ) masse, og på Kyrkjeflaten er det i reguleringsplanforslaget snakk om samla uttak i område R2, R3 og R4 av 15.936 m³ "urørt" masse. Dei om lag 8.850 m³ massane som er behandla massar teke ut ved fjellsprenging av tunnel og tilført område R1, skal ein da ikkje rekne med som "urørt masse", men ein kjem i alle fall over grensa for krav om konsesjon. Det vil da også vere krav om utarbeiding av driftsplan for uttaket for godkjenning av DMF.

Det er tiltakshavar som må søkje om konsesjon for drift av massetaket. Det vil da også vere krav om utarbeiding av driftsplan for uttaket. I rettleingsmaterialet frå DMF går det fram at søker skal sende inn en driftsplan saman med søknaden til DMF om driftskonsesjon. I driftsplanen skal det mellom anna vere omtalt korleis ein skal utnytte ressursen best mogeleg, korleis uttaka skal skje og korleis uttaksområdet skal bli avslutta og sett i stand. Det skal også være med informasjon om kva for sikrings- og oppryddingstiltak som skal bli gjennomført i driftsperioden og etter avslutta drift. Minerallovas § 51 pålegg den som skal gjennomføre uttak av mineralske ressursar ei sikrings- og oppryddingsplikt. DMF kan pålegge tiltakshavar å stille økonomisk sikkerheit for gjennomføring av dette. Dette skal ivareta samfunnets omsyn i tilfelle verksemda går konkurs eller ved tvangsavslutning.

Når masseuttaket er avvikla, er det føreslege og nedfelt i føresegnene, at arealet skal nyttast som område for landbruk, natur og friluftsliv samt reindrift (LNFR-område).

Oppstart av planarbeidet vart varsla 27.06.2023 med brev til naboar og offentlege høyringsinstansar, med kunngjering på Lom kommune si heimeside og med annonse i avisa Fjuken.

Det kom inn fire uttaler/innspeil til varsel om planoppstart: frå Direktoratet for Mineralforvaltning, NVE, Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet fylkeskommune. Desse er referert, og det er gjeve kommentarar til kvar einskild uttale i planomtalen som følgjer som vedlegg til saka (kapittel 7).

Plankontoret har hatt møte med grunneigar, fjellstyret og veglaget mfl. ved oppstart av reguleringsplanarbeidet og undervegs i planprosessen. Desse har også hatt utkast til reguleringsplanforslag til gjennomsyn før behandlinga, og har vore med plankontoret ved synfaring av området.

Etter dette har veganlegget Hesthagen-Smørli hatt saka oppe til orientering og drøfting på sitt årsmøte 01.12.2024. Veglaget skriv at reguleringsplanen heilt tydeleg vil avgrense deira moglegheit for masseuttak i forhold til det ressursgrunnlaget dei har hatt tidlegare. Dei skriv at dei opplever at behovet for veggrus og reparasjonsmasse har vorte aukande dei siste åra med årsak i større nedbørmengder. Veglaget viser til at uttaket på Kyrkjeflaten i dag er tilgjengeleg også for andre aktørar, og dei viser til at Eidefoss, Lom fjellstyre og turistforeininga også har interesse av Kyrkjeflaten som masseuttak. I det vidare skriv dei mellom anna at dersom veganlegget får ein særrett gjennom avtale med Statskog på Kyrkjeflaten om masseuttak, så meiner styret i veganlegget at dette vil vera ein stor nok ressurs i overskodeleg framtid. Dette med mindre det oppstår store øydeleggingar.

Plankontoret vurderer at når det gjeld evt. særrett for veglaget til grusressursane i planområdet, er dette eit forhold som ikkje vedkjem reguleringsplanlegginga, men som i så fall må avtalast direkte med grunneigar Statskog.

Fjellstyret hadde saka til drøfting i møte 16. desember. Dei meiner det er viktig at vilkår for uttak får ein ordlyd slik at massetaket på Kyrkjeflaten blir tilgjengeleg til ulike tiltak som styrkar bruksrettsutøvinga i allmenningen. Fjellstyret skriv at masser frå uttaket bør kunne nyttast både til veganlegg og andre tiltak, t.d. grunnarbeid i tilknytning til bygningar og installasjonar på seter i drift.

Plankontoret kan sjå at det er noko motstrid mellom uttalene frå veglaget og fjellstyret, men vil ikkje tru at konflikten er særleg stor. Behovet for å ta ut grus til byggebehov for seter i drift i Vårdalen statsallmenning sør, vil etter alt sannsyn over tid omfatte svært avgrensa mengder grus, og ikkje gå i vesentleg grad ut over ressursane i uttaksområdet.

Med bakgrunn i uttala frå fjellstyret og at uttaket ligg i statsallmenning der setrene i området har rettigheter, vil ein søke å utforme planen slik at den har ein opning for at ressursen også blir tilgjengeleg for dei behov fjellstyret skisserer. Men ei slik opning vil reise nokre problemstillingar i forhold til regelverk knytt til konsesjon og driftsplan. Det må vere ein tiltakshavar som må søkje og få konsesjon for drift av uttaket frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF). I samband med konsesjonssøknaden skal det vere utarbeidd ein driftsplan, som også skal bli godkjend av DMF. Driftsplanen skal beskrive og illustrere korleis tiltakshavar planlegg å drive og avslutte uttak. Dette gjeld mellom anna korleis uttaka skal skje, tiltak for å avgrense miljøulempar og reglar for avslutting. Driftsplanen skal gjere det mogeleg for DMF å vurdere om det planlagde uttaket gjennomførast på en bergfagleg forsvarleg måte og i tråd med krava i mineralloven. Overordna krav er at uttak av mineralske ressursar skal skje på en sikker og forsvarleg måte og at mineralførekomsten blir utnytta

best mogeleg. Ein grusførekomst som har kvalitetar for produksjon av byggeråstoff og for produksjon av veggrus, bør til dømes ikkje bli nytta til fyllmasse.

For å kunne innfri desse krava, vil det vere naturleg at det er veglaget som søker konsesjon og godkjenning av driftsplan, og vil stå som ansvarleg for drifta av uttaket. Slik plankontoret ser det, må uttak til anna føremål for rettshavarar i statsallmenningen, skje i regi av den som har driftskonsesjon. Det kan ikkje vere slik at den enkelte rettshavar i allmenningen kan sjølv kome å hente massar utafør konsesjonshavaren sin kontroll. Drivar må ha kontroll på uttak av ressursar frå uttaket, og må kunne få ei økonomisk godtgjerdelse for eventuell foredling av råstoff og andre kostnader.

I reguleringsplanen kan ein gi reglar som opnar for at ressursen kan nyttast for råstoff i samband med bygningar og installasjonar på setre, men det vil måtte vere grunneigar og driftsplanen som styrer korleis dette skal skje.

Når det gjeld verknadar av planforslaget, er desse omtalt i planomtalen kapittel 9. Her er planen sine verknadar for følgjande forhold vurderte:

- verknadar for naturmiljø og naturmangfald
- verknadar for friluftsliv, turisme, barn og unge
- verknadar for landskap
- verknadar for kulturminne og kulturmiljø
- verknadar for vassressursar
- verknadar for geologiske ressursar
- verknadar for jord- og skogbruk
- verknadar for trafikktryggleik og trafikkavvikling
- verknadar for forureining, energi og klima
- verknadar for teknisk infrastruktur
- verknadar for samfunnstryggleik

Det er vurdert at planen slik den føreligg, ikkje vil medføre vesentlege negative verknadar. Det er ei hytte som ligg nær uttaksområdet (om lag 140 m unna dei nye uttaksområda R2 og R3) som vil bli utsett for støy og støvflukt frå vidare drift av uttaket. I planforslaget er det søkt å kompensere for ulempene i forhold til hytta, ved å avgrense tid for uttak. Især gjeld det å avgrense tid for drift av knuse- og sorteringsverk, jf. forslag til planføresegner kap. 4.2.1 e, f og g. Også mot seterbyggnaden på Nåvåsetrene vil støy kunne verke sjenerande ved drift av knuse- og sorteringsverk. Seterbyggnaden her ligg på det næraste 0,5 km unna. Med dei avgrensingane som er føreslege sett for drifta av massetaket, ser ein ikkje at støy og støvflukt vil medføre vesentlege ulemper for opphald av folk på setrene. Der planen og framhald av verksemda i uttaket elles kan ha mest potensiale for konflikt, er i forhold til naturverdiar og landskapsverdiar i området.

For all utøving av offentleg mynde som røyver naturmangfald følger det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 blir lagt til grunn. Planforslaget er såleis vurdert i forhold til naturmangfaldlova, jf. kapittel 9.2. Det er vurdert at planforslaget slik det føreligg, ikkje har særleg negative verknadar i forhold til naturmiljø og naturmangfald. Det er vurdert at kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for planarbeidet, er tilfredsstillande for å gjere vedtak i saka (nml. § 8). I planføresegnene er det sett avgrensingar i tid for maskinell knusing og sortering av massar, og planforslaget slik det føreligg, er vurdert til ikkje å medføre vesentlege skadar på naturverdiar, og ein vurderer at føre-var prinsippet er ivareteke i denne saka (nml. § 9). Det er vurdert at planforslaget vil ha liten påverknad i forhold samla belastinga for økosystemet (nml. § 10). Det er vurdert at det her

ikkje er naudsynt å vurdere dekking av kostnadar ved miljøferring (nml. § 11), og at det heller ikkje er naudsynt å vurdere anna lokalisering ut over det som er gjort i planomtalen kapitel 4.2 , eller vurdere andre tekniske løysingar for å ivareta naturverdiar (nml. § 12).

For meir detaljerte opplysningar om planforslaget og verknadar av planen, viser ein til planomtalen og dei andre dokumenta som er vedlegg til saka.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at forslaget til detaljreguleringsplan for Kyrkjeflaten massetak, er eit godt grunnlag for framtidig regulering av området i samsvar med intensjonane og krava i kommuneplanens arealdel. Realisering av planforslaget vil innebere at masseuttaket i området kan halde fram og kunne utvidast noko for å sikre tilgang til grus til vedlikehald av veganlegga i området i fleire tiår framover. Samstundes vil reguleringsplanen sikre at drifta blir regulert innfor rammer som tek tilstrekkelege omsyn til naturverdiar og landskapsverdiar, og gi rammer for grusverksemda i forhold til å avgrense støy og andre ulemper for bygnad i nærområdet.

Veganlegga grustaket skal forsyne, er viktige for tilgang til fjellområde i Jotunheimen og bygdenes utnytting av ressursar i området. Forutan den store betydinga vegen har for turistnæringa og friluftslivet, er vegane svært viktig for landbruksnæringa og for tamreindrifta i området. Det er såleis mange samfunnsinteresser som er avhengige av tilgang på grusressursar for vedlikehald av veganlegga. Å ha tilgang til grus nær veganlegga er viktig for å halde kostnadar og utslepp nede. Transport frå alternative grusressursar som er regulerte for uttak, er svært lang.

Etter innspel frå fjellstyret opnar planforslaget opp for å det kan nyttast grus frå uttaket for bruk ved byggetiltak på setre i aktiv drift i statsallmenningen.